vigo
Interkommunalt selskap

# Eksamen

25. mai 2018

DHV1002
Kvalitet og dokumentasjon

**Programområde:** Vg 1 Design og håndverk

# Bokmål

| **Eksamensinformasjon** | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemiddel er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br>Du må oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Informasjon om vurderingen** | • Når du løser oppgaven, må du beskrive valg og gi begrunnelser<br><br>• Bruk av fagterminologi |
| **Andre opplysninger** | **Du skal levere:**<br><br>-Skriftlig om markedsføringsvalg<br>-Logo-forslag med skriftlig begrunnelse<br>-Skriftlig om salg |

## Markedsføring og salg

Alle oppgavene skal besvares.
Les gjennom hele oppgaven før du begynner.

Tenk deg at du er ferdig utdannet i et yrke innen Design og håndverk og skal ut og selge et produkt eller tjenester. Velg selv hvilket yrke og produkt(er)/tjenester du vil selge.

**1**
**Markedsføring**
Hvordan vil du markedsføre dette? Husk at i dagens bedrifter blir det lagt stor vekt på service og høy kvalitet. Lag en skisse til markedsføring av produktet/ tjenesten begrunn valg av målgruppe og fremgangsmåte.

-Hvem er målgruppen din?
-Hvordan kan du markedsføre produktene/tjenestene best mulig?
-Hvilke utrykk eller særpreg skal markedsføringen din ha?

**2**
Lag et forslag til en logo for ditt produkt/tjeneste. Logoen skal være rettet mot målgruppen du har valgt og vise hva slags produkter/tjenester du selger. Tegn skisser og velg ut den du liker best. Skriv en kort begrunnelse for hvorfor du valgte nettopp den.

**3**
**Salg**
Hvordan kan du bli en god selger? Er det noen spesielle egenskaper du bør legge vekt på innen ditt fagområde?

**Du skal levere:**

-Skriftlig om markedsføringsvalg
-Logo-forslag med skriftlig begrunnelse
-Skriftlig om salg

# Nynorsk

| **Eksamensinformasjon** | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Informasjon om vurderinga** | • Når du løyser oppgåva, må du beskrive de vala du tar og grunngi dei<br><br>• Bruk av fagterminologi |
| **Andre opplysningar** | **Du skal levere:**<br><br>-Skriftleg om marknadsføringsval<br>-Logo-forslag med skriftleg grunngiving<br>-Skriftleg om sal |

## Marknadsføring og sal

Du skal svare på alle oppgåvene.
Les gjennom heile oppgåva før du begynner.

Tenk deg at du er ferdig utdanna i eit yrke innan Design og handverk og skal ut og selje eit produkt eller tenester. Vel sjølv kva slags yrke og produkt/tenester du vil selje.

**1**
**Marknadsføring**
Korleis vil du marknadsføre dette? Hugs at i bedrifter i dag blir det lagt stor vekt på service og høg kvalitet. Lag ei skisse til marknadsføring av produktet/ tenesta. Grunngi val av målgruppe og framgangsmåte.

-Kven er målgruppa di?
-Korleis kan du marknadsføre produkta/tenestene best mogleg?
-Kva slags utrykk eller særpreg skal marknadsføringa di ha?

**2**
Lag eit forslag til ein logo for ditt produkt/teneste. Logoen skal vere retta mot målgruppa du har valt og vise kva slags produkt/tenester du sel. Teikn skisser og vel ut den du liker best. Skriv ei kort grunngiving for kvifor du valde nettopp denne.

**3**
**Sal**
Korleis kan du bli ein god seljar? Er det nokon spesielle eigenskapar du bør leggje vekt på innan ditt fagområde?

### Du skal levere:

-Skriftleg om marknadsføringsval
-Logo-forslag med skriftleg grunngiving
-Skriftleg om sal